


Aust eller vest av Eikeelva?

07.05.2014



Aust eller vest er det springande punkt i Eikedalen

Val av austsida eller vestsida av Eikeelva er eit viktig punkt i NVE sin vurdering av søknaden om utbyggjing og kanskje avgjerande for om det vert noko av prosjektet. NVE peikar på at tiltaket berører ein mykje brukt T-merka innfartsrute til viktige friluftsområde i høg fjell av B-verdi. NVE meiner friluftslivet i stor grad vil bli påverka om tiltaket leggjast på vestsida av elva ved eller i turstien



Autsida av elva meiner dei er mindre viktig for friluftinteressene og ei røyrgate med veg kan leggjast der utan at turområda på vestsida vert vesentleg negativt påverka. Inntaket må leggjast i det nederste omsøkte alternativet på nedsida av Svidhaugen slik at det ikkje vert unødige skjæringar i terrenget.

Eit anna tilhøve som NVE har peika på gjeld fisken i nedre del av elva, Laks og sjøaure nyttar 120 meter som gyte-og oppvekstområde og utløpet frå kraftstasjonen er tenkt plassert 20-30 meter nedanfor vandringshinderet. NVE meiner det er viktig å trekka stasjonen så langt opp som mogleg slik at gyte- og oppvekstområda vert maksimalt redusert.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen